


# Årsmelding 2024

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd



*Sande kyrkje, Gaular*

## **INNHALD**

---

**HELING FRÅ FELLESRÅDSLEIAR OG KYRKJEVERJE**

**OM ÅRSMELDING FOR FELLESRÅDET**

**FELLESRÅDET SOM ARBEIDSGJEVAR**

**FELLESRÅDET OG ØKONOMIFORVALTNING**

**DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR**

**FELLESRÅDET OG ADMINISTRASJONSUTVALET**

**FELLESRÅDET OG SOKNERÅDA**

**KYRKJA OG KOMMUNEN**

**STATISTIKK FOR SUNNFJORDKYRKJA**

## **HELSING FRÅ FELLESRÅDSLEIAR**

I forordninga for Den norske kyrkja står det om oppgåvene til fellesrådet. Det startar slik: «Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.»

Det er fellesrådet som har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassane våre. Så er vi arbeidsgjevar for alle tilsette med unntak av prestane. Kyrkjekontora er fellesrådet sitt ansvar, og vi skal gje administrativ hjelp til prestane. Konfirmantopplæring er nemnd spesielt der fellesrådet skal skaffe lokale, utstyr og materiell.

Pengar er avgjerande for kva vi får gjort. Når både kommunen og bispedømmet må spare vil det også påverke vår aktiviteten. Framover må vi difor saman setje oss mål for kva vi skal oppnå når ressursane vert redusert.

Eg vil rette ein stor takk til alle tilsette som medverkar til at vi klarer å løyse oppdraget. Nokre har tett kontakt med folk, medan andre arbeider trufast i det stille. Ein særleg takk til kyrkjevevja vår, Sissel Vartdal som har den store oversikten.

**Bjørn-Harald Haugsvær, leiar**

## **EIT UTFORDRANDE ARBEIDSÅR**

Gjennom 2024 har kyrkja i Sunnfjord levert på oppdraget; over 50 000 har besøkt kyrkjene våre og opplevd fellesskap på tvers av generasjonar. Det er til og med registrert auke i gudstenestedeltakarar, ikkje berre i Sunnfjord, men i heile bispedømmet. Dette skuldast nok fleire forhold, men eksistensiell uro og reell frykt for krig og ufred, er sterkare i folkesetnaden enn på mange år. I denne tida blir kyrkja ein stad der folk kan kome i kontakt med noko større, anten det er Gud eller det store fellesskapet. Eller begge deler.

2024 vart eit ekstra utfordrande år for staben i Sunnfjordkyrkja med alvorleg sjukdom, dødsfall tett på og vakanse i prestestilling. På tampen av året opplevde vi i tillegg at uthuset ved Helgheim kyrkje, som romma maskiner og utstyr, brann ned til grunnen ei mørk november natt. For nokre vart dette eit år med ekstra bekymring og uro, for andre vart det eit ekstra arbeidskrevjande år. Vi har likevel som arbeidsfellesskap fått kjenne på omsorg og omtanke oss imellom, det er viktige ressursar å spele på.

Eg sluttar meg til fellesrådsleiaren si takk og legg til: vi er heldige i Sunnfjord som har eit godt, ressurssterkt, stabilt og omsorgsfullt arbeidslag.

**Sissel Vartdal, kyrkjevevje**

## OM ÅRSMELDING FRÅ FELLESRÅDET

I denne årsmeldinga er det fellesrådet sitt ansvar som er i fokus. Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet er skildra i sokna sine årsmeldingar. I høve kyrkjeordninga skal sokna ha si merksemd retta mot «alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i soknet». Dette ser vi att i ei stor breidde av aktivitetar med gudstenesta som ein pulserande hovudåre, til arbeid for born, unge, vaksne, dåpsfamiliar, konfirmantar, sørgjande, kulturinteresserte og til tidebøna i Vassenden kyrkje som samlar ein trufast flokk. For å nemne noko. Fellesrådet si oppgåve er å legge til rette for alt det gode arbeidet som skjer.

## FELLESRÅDET SOM ARBEIDSGJEVAR

Fellesrådet var i 2024 arbeidsgjevar for 36 tilsette samla i om lag 21,6 årsverk. Dei fleste er fast tilsette, nokre er tilsette på timebasis og nokre har tidsavgrensa avtalar. I ein så stor stab skjer det ein del gjennom året; nokon sluttar, nokon får endra stillingsprosent, nye kjem til og andre får endra oppgåver.

Sjukefråværet i organisasjonen er lågt, både det eigenmeldte og det legemeldte. Det vert gjennomført årlege medarbeidarsamtalar med alle tilsette og frå 2024 er det etablert eit eige arbeidsmiljøutval – dette vil sikre enda betre systematikk knytt til arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT).

Fellesrådet har ansvar for å drifte fire kyrkjekontor; Jølster, Førde, Naustdal og Gaular. Staben i Naustdal har hatt tilhald i midlertidige lokale i 2024, og har på nyåret i 2025 flytta inn i det som var Helsestasjonen i Naustdal. Staben i Førde var på flyttefot internt på kyrkjetunet vinter og vår 2024 grunna utviding og oppussing, og fekk flytte inn i nye kontorlokale i juni. Alle desse endringane krev litt ekstra av dei tilsette, men forhåpentlegvis har flytteprosessane gjeve resultat i form av gode løysingar som igjen skapar trivsel.

Kontora gjev fellesskap og tilhøyrsløse for dei tilsette. Det er arbeidsmiljø prega av samhandling og felles utfordringar. I tillegg høyrer alle tilsette til i det store fellesskapet: det store «VI» som er kyrkja i Sunnfjord. I dette fellesskapet kan vi i enda større grad lene oss på kvarandre, lære av kvarande og saman byggje ein slitesterk arbeidskultur

## FELLESRÅDET OG ØKONOMIFORVALTNING

### Resultat 2024

Driftsbudsjettet for 2024 var opphavleg tenkt balansert med bruk av 2 millionar frå fond, medan investeringsbudsjettet budsjetterte med bruk av 1,7 millionar frå fond for å delfinansiere orgelet i Sande kyrkje. Til saman hadde altså fellesrådet i planlagt å bruke 3,7 millionar frå disposisjonsfond i 2024. Fasiten når rekneskapen no er gjort opp, syner eit litt betre resultat enn budsjettert med bruk av 3 millionar frå fond.

Driftsrekneskapen er gjort opp i balanse etter at det er brukt 1,2 millionar frå disposisjonsfondet. Resultatet er noko betre enn budsjettert; i budsjettet var det lagt opp til

å bruka 2 millionar frå dette fondet. Samanlikna med budsjettet er det ekstra inntekter på sjukelønsrefusjon medan det er eit meirforbruk på mellom anna energi og husleige.

#### Eigenkapital

Ved utgangen av året hadde fellesrådet disposisjonsfond på til saman om lag 7 000 000. I tillegg har fellesrådet bundne fond som utgjer om lag 5 700 000.

#### Driftstilskot frå kommune og stat

Den størst inntektsposten i driftsrekneskapen er driftstilskot frå kommunen, i 2024 var dette på 17 795 868. I tillegg får fellesrådet årlege tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja, i 2024 var dette tilskotet på 3 667 929. Dette går til delvis dekking av lønskostnader for kateket og diakonar, og til trusopplæring i sokna.

## **DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR**

Det er mykje vedlikehaldsarbeid som skjer gjennom året på dei 10 kyrkjene og dei 14 gravplassane. I denne årsmeldinga nemner vi nokre større prosjekt:

Proessen med overgang til **fjernvarme for oppvarming i Førde kyrkje**, og ombygging av kjellar, starta og vart avslutta i 2024. Det synte seg imidlertid at overgang til fjernvarme ikkje vart aktuelt. Dette skuldast både endringar i prosjektet frå andre aktørar, og det faktum at investeringskostnadane for fellesrådet ikkje ville vere i samsvar med den potensielle innteninga fjernvarme skulle ha. Det vart difor installert ein el-kjele i kjellaren som saman med dei nye omnane under benkane, syter for god og stabil vassboren varme i kyrkja.

Sommaren 2024 vart deler av **Naustdal kyrkje malt**, det resterande arbeidet blir utført i 2025. Grunnen til at berre deler av kyrkja vart malt, skuldast arbeidet med ny **universell tilkomst til Naustdal kyrkje**, og etablering av trinn mellom sørvestre inngangsportale og kyrkjetrappa. Tiltaket har vore jobba med over fleire år, tilbake til då Naustdal var eigen kommune. Arbeidet vart gjennomført 2. halvår 2024.

Det føreligg ein tilstandsrapport på **tak/takkonstruksjon på Helgheim kyrkje**. Det vert anbefalt å bytte ut skiferen, både grunna slitasje men og av omsyn til tryggleiken rundt kyrkja. Denne rapporten låg til grunn då søknad til kyrkjebevaringsfondet vart sendt i november 2024. På nyåret vart det kjent at kyrkjebevaringsfondet tildeler 1,7 millionar til takteking på Helgheimkyrkja. Vidare prosjektering skjer i 2025, og truleg inn i 2026.

I 2024 signerte fellesrådet og Sandtner Orgelbau i Tyskland kontrakt om bygging av **nytt orgel til Sande kyrkje**. Byggeproessen er i gang på orgelbyggeriet i Tyskland og orgelet skal etter planen stå ferdig til 1. søndag i advent 2025. Dette krev noko ombygging i Sande kyrkje, først vart søylene til orgelgalleriet forsterka, i tillegg må det gjerast plass til orgelkassa på orgelgalleriet. Taket i Sande kyrkje er målingsslitt, det vil bli målt på nytt før orgelet kjem inn.

**Klokketårnet på Vassenden** gravplass er vølt dette året. Bygget var synleg slitt utvendig og trengte sårtp oppgradering både inne og ute. Det er mellom anna skifta kledning utvendig og det er lagt nytt golv inne. Det er og montert originaldør med framføring og nye lister, og det

er montert nytt kors. Fellesrådet har teke kostnadene, men har alt arbeid skjedd på dugnad!  
Stor takk til Sverre Gjesdal m/fleire.

Som nemnt innleiingsvis, opplevde vi dessverre ein øydeleggjande brann i 2024. Det relativt nye **uthuset ved Helgheim kyrkje brann** ned til grunnen ei novembernatt. Bygget var fullforsikra, og utstyret inne i uthuset var og forsikra. Forsikringsoppgjæret er ikkje i hamn i skrivande stund, men fellesrådet sitt mål er å få eit kontantoppgjæret med forsikringselskapet (Knif) og ta ansvar for gjenoppbygging sjølve.

## **FELLESRÅDET OG ADMINISTRASJONSUTVALET**

Fellesrådet handsama 34 saker og hadde desse medlemmene:

Nils Gjerland, leiar, representerer Holsen og Haukedalen sokn  
Jetvard Kalland, nestleiar, representerer Naustdal sokn  
Bjørn-Harald Haugsvær, medlem, representerer Førde sokn  
Steinar Dvergsdal, medlem, representerer Helgheim sokn  
Bernt Kjøsnes, medlem, representerer Ålhus/Vassenden sokn  
Laila Oppedal, medlem, representerer Gaular sokn  
Anne Lilleaasen, medlem, oppnemnt av Sunnfjord kommune  
Knut Magne Nesse, medlem, oppnemnt av Bjørgvin biskop

Administrasjonsutvalet handsama 9 saker og hadde desse medlemmene:

Nils Gjerland, leiar  
Jetvard Kalland, nestleiar  
Bjørn-Harald Haugsvær, medlem  
Gro Gunnarsson, arbeidstakarrepresentant  
Ragnhild Stav, arbeidstakarrepresentant

Leiarskifte i fellesrådet

Nils Gjerland takka etter eige ønskje av som leiar i fellesrådet etter 5 år. Bjørn-Harald Haugsvær vart vald til ny leiar i fellesrådet sitt møte 26. november.

## **FELLESRÅDET OG SOKNERÅDA**

Det vert gjennomført årlege møter mellom fellesrådet og sokneråda, dette er eit viktig møtepunkt for gjensidig informasjonsutveksling og drøfting av aktuelle saker. Dette møtepunktet er og nedfelt i kyrkjeordninga der det står å lese at «fellesrådet skal fremje samarbeid mellom sokneråda og ta i vare sokna sine interesser høvesvis kommunen». Fellesmøtet vart halde i oktober og hadde som overskrift «ein samtale om dei mest sentrale utfordringane vi som kyrkje står i».

## **KYRKJA OG KOMMUNEN**

Sunnfjord kommune har gjennom trussamfunnslova § 14 ei tydeleg, økonomisk forplikting andsynes den kyrkjelege verksemda. Det er kyrkjevevja si klare oppfatning at kommunen er medvite dette ansvaret. Gjennom året har det vore faste møter mellom den administrative leiinga i kyrkja v/kyrkjevevje og økonomileiar, og kommunedirektøren. Møta aukar både kommunens kjennskap og kunnskap om kyrkja, men den gir og kyrkja god innsikt i kommunen sine utfordringar. Denne jamne dialogen trur vi er av stor verdi for begge partar.

## STATISTIKK FOR KYRKJA I SUNNFJORD – SAMLA TAL FOR ALLE SOKN



- I **2024** var over **50 000** innom kyrkjene i Sunnfjord:
- 32 000 kom til gudstenester
  - Fleire tusen var samla i sorg i dei 141 gravferdene
  - 241 unge vart konfirmert
  - 190 born vart døypte
  - Fleire hundre frivillige er involvert i arbeidet

	<b>2024</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Døypte	190	145	189	186	162	190
Konfirmerte	241	242	264	248	270	266
Vigde		25	32	20	14	20
Gravlagde	141	149	156	129	143	138
Deltakarar på gudstenester	32 255	31 049	29 795	18 987	21 345	37 092
Tal gudstenester	410	395	399	319	327	349
Andakter på institusjon	133	130	125	115	89	115
Skulegudstenester	21	24	22	9	10	24
Barnehagebesøk	32	29	49	38	26	37
Konsertar	50	42	34	23	26	45
Innmeldte i DNK	8	11	3	2	0	1
Utmeldte i DNK	47	19	29	3	14	2

Framsidedfoto: Sissel Vartdal